

MØTEBOK FOR MELAND BYGNINGSRÅD, 30.06.88.

Sak nr. 152/88.

Kristoffer Straumøy, Io,
5112 Rossland.

Vedk. kloakkutslepp frå eksisterande bustad på Iden, gnr. 49
bnr. 31.

Viser til handsaming i bygningsrådet 26.05.88, sak 121/88,
samt til bygningskontrolløren si synfaring 25.05.88.

Slamavskiljaren er på ca. 2 m³ med 2 kammer. Frå denne renn
avlaupsvatnet i betongrør til stakekum ved sjø, derifrå i tett
4" plastleidning ut i fjøra på ca. 1 - 2 m djupne.

Utsleppsleidningen er synleg i fjøra, og virkar skjemmande.

Bygningssjefen sitt framlegg til vedtak:

"Det vert gjeve pålegg om at leidning i fjøra må gravast ned og
forlengjast slik at avlaupet vert ført til ca. 10 m djupne under
middelvass-stand.

Vedtak i sak 121/88 fell bort."

Samr. vedtak:

"Som framlegget frå bygningssjefen."

Rett utskrift.
for Meland bygningsråd, 01.07.88.

Kari Stople



MELAND KOMMUNE

Kristoffer Straumøy
Io

5112 ROSSLAND

Dykkar ref.

J nr. 94000007/JB/ks.
Vår ref. 49-31.0194JB.
Arkiv nr. 49-31.

Dato 3. januar 1994

VEDK. UTSLEPP FRÅ GNR. 49 BNR. 31.

Dykkar eigedom, gnr. 49 bnr. 31, har fått fastsett krav til utslepp, og utsleppsløyve for avlaupsvatn er gitt.

Då ein ikkje har fått noko attendemelding frå Dykk om utsleppet er laga til i samsvar med gitt løyve, ber ein om Dykkar orientering om dette.

Dersom utsleppet ikkje er gjennomført etter gitt løyve, ber ein om ein framdriftsplan, med fastsetting av tidspunkt for gjennomføring av vilkåra i utsleppsløyvet.

Med helsing

TEKNISK SJEF

Jens Bjordal